



BARNEHAGEPLAN 2009-2015

**Barna i Øygarden skal oppleva ein barnehage for alle
– med rom for den enkelte-**



Barnehagane i Øygarden skal vera pedagogiske verksemdar som legg eit godt grunnlag for utvikling, livslang læring og aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn.

Barna skal oppleva glede og meistring gjennom meningsfulle aktivitetar i trygge og samstundes utfordrande omgivelser.

Leik skal gje rom for det nysgjerrige og kreative barn i eit sosialt og kulturelt fellesskap.

INNHALD

1. INNLEIING

- 1.1 Samandrag side 3
- 1.2 Bakgrunn side 3

2. RAMMER

- 2.1 Grunnlag for planarbeidet side 3

3. SATSINGSOMRÅDE

- 3.1 Satsingsområde 1 - 7 side 5

Satsingsområde 1: Barnehagedekning

- Bakgrunn side 6

- Mål side 6

Satsingsområde 2: Kvalitet og innhald

- Bakgrunn side 5

- Mål side 6

Satsingsområde 3: Barn med særskilde behov

- Bakgrunn side 6

- Mål side 6

Satsingsområde 4: Samarbeid heim, barnehage og nærmiljø

- Bakgrunn side 6

- Mål side 6

Satsingsområde 5: Samarbeid og likebehandling mellom kommunale og private barnehagar

- Bakgrunn side 7

- Mål side 7

Satsingsområde 6: Rammevilkår og foreldrebetaling

- Bakgrunn side 7

- Mål side 7

Satsingsområde 7: Barnehagen som læringsarena

- Bakgrunn side 7

- Mål side 7

4. HANDLINGSPLAN

- 4.1 Tiltak, lov, kostnad, frist, ansvar side 8

1.INNLEIING

1.1 Samandrag

Komite for Levekår vedtok, 27.10.2008, å rullera gjeldande Barnehageplan. Eit planutval fekk i oppdrag å utarbeida mål og tiltak for utvalde satsingsområde. Barnehageplanen gjeld for perioden 2009 -2015, og vert oppdatert årleg.

1.2 Bakgrunn

Komite for Levekår vedtok, 27.10.2008 (sak 102/08) å evaluera og rullera gjeldande barnehageplan, og oppnemnde eitt barnehageplanutval til å utføra oppdraget:
Politiske medlemar: Børge Haugetun(TVØ), Katrine Drange (DnA), Silvia Haugland (TVØ).
Administrative medlemar: Anne Merethe Tøssebro (einingsleiar Breivik barnehage), Marita Oen (einingsleiar Terna barnehage), Øyvind Strandheim (kommunalsjef for skule og barnehage), også sekretær for utvalet.

Tidlegare barnehageplan galdt for åra 2001 -2008.

Nasjonalt har det i denne planperioden skjedd store endringar i barnehagesektoren: Det har vore eit mål å oppnå full barnehagedekning. Det er innført redusert foreldrebetaling ved maksimalpris i barnehagane. Iltaka er følgde opp med auka investerings- og driftstilskot til kommunar og private barnehageeigarar. Frå 2009 er det også lovfesta rett til barnehageplass. Det er i perioden innført Ny Rammeplan for barnehagane.

Lokalt er det oppretta mange nye barnehageplassar, sjølv om desse ikkje er i samsvar med vedteken plan. Av kommunale barnehagar er Breivik barnehage, Tjeldstø barnehage og nye Terna barnehage opna. Tidlegare Terna barnehage er omgjort til småbarnsbarnehage. For å oppnå full dekning, er det hausten 2008 i tillegg etablert to nye avdelingar i Havly barnehage på Toftøy.

Barnehageplanutvalet foreslår tiltak innafor desse områda:

- Tiltrå tiltak for å nå målet om full barnehagedekning i tråd med brukarbehov
- Tiltrå tiltak og strategi for kvalitet og innhald i barnehagane
- Sikra ivaretaking av barn med særskilde behov
- Vidareutvikla samarbeid mellom heim, barnehage og nærmiljø
- Sikra samarbeid og likebehandling mellom kommunale og private barnehagar
- Vurdera rammevilkår og foreldrebetaling
- Utvikla barnehagen som læringsarena

2.RAMMER

2.1 Grunnlag for planarbeidet

Barnehageplanen inngår i plandokumenta for Øygarden kommune.

Tiltak med kostnader blir vedtatt i kommunen sine årsbudsjett og økonomiplan.

Barnehagane skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar med forskrifter (17.06.2005).

Ny Rammeplan for barnehagar er styrande for innhaldet i barnehagane. (01.08.2006).

Kunnskapsdepartementet prioriterer desse sentrale områda i kompetansesatsinga blant dei tilsette i barnehagane: - pedagogisk leiing, - barna sin medverknad, - språkmiljø og språkstimulering, - overgangen frå barnehage til skule.

Tilsyn er ein viktig del av kommunen sitt ansvar for å sika at barnehagelova sine krav vert følgde opp, og at kommunen som barnehagemyndede har innsyn i kva som skjer i barnehagane i

kommunen. Kommunen må utøva systematisk tilsyn for å sikra kvaliteten og innhaldet tilbodet til barna.

Oversyn over barnetalet 0 - 5 år pr.31.12.08:

Barnehagekrinsar	08	07	06	05	04	03	Sum
Nordre barnehagekrins: Hernar, Bakken, Hatten, Alvheim	13	10	8	14	15	15	75
Midtre barnehagekrins: Breivik, Blomvåg	14	14	16	17	18	8	87
Søndre barnehagekrins: Rong	21	15	17	17	11	14	95
Toftøy	13	19	15	19	16	15	97
Sum barn	61	58	56	67	60	52	354

Talet på barn i barnehagealder i Øygarden er stabilt. Det gjeld utviklinga i dei ulike krinsar, og forholdet mellom årsklassane. Toftøy har underdekning av barnehageplassar.

Fødselsår	Alder	Tal på barn I kommunen	Tal på barn i barnehage	Diff.	(Fjell *)	% med barnehagepl.
2008	0 år	61	5	59		
2007	1 år	58	40	18	(2)	69%
2006	2 år	56	41	15	(5)	73%
2005	3 år	67	58	9	(6)	87%
2004	4 år	60	47	13	(5)	78%
2003	5 år	52	51	1	(2)	98%
Totalt		354	242	115	19	68%

Av barn frå Øygarden som går i barnehage i Fjell, har 18 postadresse Rong og eitt postadresse Tjeldstø. Dekningsprosenten er for nokre årstrinn låg samanlikna med mange andre kommunar. Ein er sårbar i høve den lovfesta retten om barnehageplass (frå 01.01.2009). Det må vera ei målsetjing å auka tilbodet på barnehageplassar i kommunen.

*Merk: Det går 253 barn i barnehage pr.01.03.09, noko som tilseier 72% barnehagedekning

Oversyn over barn i private og kommunale barnehagar pr.31.12.08:

Barnehage/ Aldersgruppe	1-3 år	4-6 år	Totalt
Kommunale:			
Tjeldstø barnehage	16	39	55
Breivik barnehage	15	22	37
Terna barnehage	27	71	98
Sum barn i kommunale barnehagar:	58	132	190
Private:			
Havly	20	19	39
Knappen	3	2	5
Spurven	2	3	5
Brum	2	1	3
Sum barn i private barnehagar:	27	25	52
TOTALT FOR KOMMUNALE OG PRIVATE	85	157	242

Dei private barnehagane utgjer 26% av barnehageplassane, og er såleis eitt viktig bidrag til å oppretthalda eit godt og variert tilbod.

3.SATSINGSOMRÅDE

Satsingsområde 1

Barnehagedekning i tråd med brukarbehov

Bakgrunn:

Frå 2009 får barn ein lovfesta rett til barnehageplass frå dei har fylt eit år.

Barnehagelova § 8 andre ledd: *"Kommunen har plikt til å tilby plass i barnehage til barn under opplæringspliktig alder som er bosatt i kommunen, jF § 12a. Utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpasses lokale forhold og behov."* Barnehagelova §12a: *"Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august i samsvar med denne loven med forskrifter. Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt. Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen."*

Mål

Alle born i kommunen får plass i barnehage i tråd med §8 og §12 i barnehagelova

Satsingsområde 2

Kvalitet og innhald i barnehagane

Bakgrunn:

Kvalitet er gjennomgangstema i Ny Rammeplanen for barnehagane. Kvalitet kan knytast til innhaldet i barnehagen, til eit kompetent personale og til gode og veileigna bygg. Dei fysiske tilhøva i barnehagen er målbare. Det er ei større utfordring å sikra at barnehagen til ei kvar tid gjev barna eit likeverdig barnehagetilbod med høg kvalitet.

Mål:

Barnehagane skal vera utviklingsorienterte organisasjonar med medarbeidarar som er opne for læring og endring.

Praksisretta og forskingsbasert kunnskap om barnehagen skal utviklast i eit samarbeid mellom barnehagar og relevante forskingsmiljø.

Kosthald og fysisk aktivitet skal vektleggjast.

Tilsyn er ein viktig del av kommunen sitt ansvar for å sikre barnehagar med høg kvalitet.

Satsingsområde 3

Barn med særskilde behov

Bakgrunn:

Barn med nedsett funksjonsevne er ei samansett gruppe. For barn med særskilde behov er det eit gap mellom barnet sine individuelle føresetnader og omgjevnadane. Hovudutfordringar: a) Personalet sin kompetanse, b) Utforming av bygningar og uteområde, c) Sosial samhandling

Mål:

Barna i Øygarden skal oppleve ein barnehage for alle, - med rom for den enkelte

Satsingsområde 4

Samarbeid mellom heim, barnehage og nærmiljø

Bakgrunn:

Barnehagen skal bistå heimene i deres omsorgs- og oppdrageroppgaver, og på den måten skape et godt grunnlag for barnas utvikling, livslange læring og aktive deltakelser i et demokratisk samfunn. (Barnehagelova § 1).

For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg (Barnehagelova § 3).

Kommunen kan bestemme at det skal være felles samarbeidsutvalg for kommunal barnehage og grunnskole (Barnehagelova § 5).

Mål:

Sikra at barnehagane er ein arena for gode relasjonar og nettverk for barna og foreldra.

Satsingsområde 5

Samarbeid og likebehandling mellom kommunale og private barnehagar

Bakgrunn:

Forskrifta om økonomisk likeverdig behandling av barnehagar i forhold til offentlege tilskot pålegg kommunen å dekkja kostnader til drift av barnehagar som ikkje vert dekt av andre offentlege tilskot og foreldrebetaling. Frå 1.august 2005 vart det også eit krav om at det kommunale tilskot må sørgja for at den samla offentlege finansieringa utgjer minst 85% av det som tilsvarende barnehagar eigd av kommunen i gjennomsnitt mottar.

Mål:

Sikra likebehandling av kommunale og private barnehagar i tråd med forskrifta.

Satsingsområde 6

Rammevilkår og foreldrebetaling

Bakgrunn:

Forskrift om foreldrebetaling i barnehager § 3: *"Alle kommuner skal ha ordninger som kan tilby barnefamiliaer med lavest betalingsevne en reduksjon eller fritak for foreldrebetaling"* Ordninga skal også omfatta dei ikkje-kommunale barnehagene i kommunen. Dette er ei oppgåve som kommunen som barnehagemyndigheit er pålagt. Korleis ein velgjer å organisera dette internt, er opp til den enkelte kommune.

Mål:

Å vedta ordningar som imøtekjem kravet i forskrift om foreldrebetaling.

Satsingsområde 7

Barnehagen som læringsarena

Bakgrunn:

"Barnehagen skal gi barn grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle områder. Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter" (Ny Rammeplan for barnehagen)

St.meld. nr 16 vektlegg tidleg innsats for livslang læring, der utdanningssystemet legg til rette for at alle vert inkludert i gode læringsprosessar tidleg.

Mål:

Førebyggja lese – og skrivevanskar
Vektlegga og utvikla språkmiljø og språkstimulering
Utvikla grunnleggjande motoriske eigenskapar
Opplera kunst og kultur og uttrykka seg estetisk
Styrka overgangen frå barnehage til skule

Handlingsplan – 2009 - 2015

Tiltak - satsingsområde	Heimel	Kostnad	Frist	Ansvar
Barnehagedekning i tråd med brukarbehov				
Lang sikt (3 år): Ny barnehage på Toftøy Skuleutbygging / kringsgrenser vurdert i høve behov for barnehageplassar	Ks-vedtak Ks-vedtak	20.000.000	2012 2009	KS KS
Kort sikt (1 år): Ny fleksibel avdeling i Tjeldstø barnehage Brakkeløysing Breivik barnehage Fleksibel organisering (ta imot fleire born – styrka dekning)	Ks-vedtak Ks-vedtak		2009 2009 2009	Rådmann Rådmann Rådmann
Kvalitet og innhald i barnehagen				
Plan for fysisk aktivitet og kosthald	RA -3.2		des 09	
Årsplan – utarbeiding av mal: ▪ Pedagogisk leing ▪ Barn sin medverknad	LovBa §2 LovBa §3		mai 09	Rådmann Rådmann
Verksemdsplan – utarbeiding av mal			mai-09	Rådmann
Plan for tilsyn - utarbeiding av plan	LovB§16		jun-09	Rådmann
Plan for bemanning	LovB§17-18 Forskrift		jun-09	Rådmann
Rutine for overgang mellom barnehage og skule	KD- Veileder		mai-09	Rådmann
Implementering av ny rammeplan for barnehagen	RA		des-09	Rådmann
Barn med særskilte behov				
Plan for barn med særskilde behov	RA-1.9		okt 09	Rådmann
Samarbeid mellom heim , barnehage og nærmiljø				
Brukarundersøkingar			okt 09	Rådmann
Samarbeid og likebehandling mellom kommunale og private barnehagar				
Rutinar og retningsliner for kommunalt tilskot Felles samarbeidsutval for kommunale barnehagar og skular	LovB §14 LovB§5		mai-09 jun-09	Rådmann Rådmann
Rammevilkår og foreldrebetaling				
Vedtekter – revisjon	LovB §7		mai- 09	Rådmann
Barnehagen som læringsarena				
Utarbeiding av Kompetanseplan			Jun- 09	Rådmann
Utarbeiding av IKT-plan for barnehagane	RA -del 2		nov -09	Rådmann
Plan for språkstimulering • Tras – innføring	RA -2.5		okt- 09	Rådmann
Plan for arbeid med minoritetsspråklege	RA-1.9		nov- 09	Rådmann

